

PRESSEMELDING

16. april 2018

6 vil bli fylkesrådmann for det nye vestlandsfylket

**Fellesnemnda for samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane tilset prosjektleiar/
framtidig fylkesrådmann til det nye fylket i møtet i fellesnemnda 4. mai. Det er 6 søkarar
til stillinga.**

– Representantar i tilsetjingsutvalet har hatt ein grundig prosess med gode kandidatar så langt, seier fylkesordførar i Hordaland, Anne Gine Hestetun, som er leiar i fellesnemnda.

Søknadsfristen til stillinga gjekk ut 12. april 2018.

Etter prosessen har følgjande valt å stå på den offentlege søkjarlista:

Karen-Marie Eek-Larsen (57), Alversund, ass. fengselsleder

Thorbjørn Johan Gaarder (63), Oslo, chief credit officer

Anne Karin Hamre (53), Sogndal, fylkesmann

Karl Petter Haugen (49), Strusshamn, underdirektør

Rune Haugsdal (58), Eidsvågneset, fylkesrådmann

Tarjei Torvik (25), Bergen, student/arbeidssøker

Stillingstittelen er først prosjektleiar for etableringa av den nye fylkeskommunen fram til 1. januar 2020. Så blir stillinga fylkesrådmann for det nye storfylket på Vestlandet.

Erfaring frå strategisk endringsleiing, rolleforståing og prosjektstyring, samt evne til å kunne jobbe tett med det politiske nivået er viktig kompetanse. Ein ønskjer seg og forståing for dei to fylka sin eigenart. Prosjektleiaren vil rapportere til den politiske leiinga og ha arbeidsstad i Bergen.

– Den totale interessa for stillinga viser at dette er ei attraktiv og viktig stilling, seier fylkesordførar Anne-Gine Hestetun.

Kontaktperson:

Anne Gine Hestetun

fylkesordførar i Hordaland/leiar for fellesnemnda for samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane tlf.: 995 64 643 anne.gine.hestetun@hfk.no